



DELÅRSRAPPORT

4. kvartal 2014

Voss, 27. januar 2015
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

FØREBELS ÅRSREKNESKAP 2014

FRAMLEGG OM 5 KRONER I UTBYTTE

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har handsama førebels årsrekneskap for 2014. Innteninga på ordinær bankdrift er god. Andre inntekter syner ein kraftig auke, og kostnadane er ikkje auka i forhold til fjoråret. Samla sett gjev dette eit resultat før tap på nesten 49 mill. kr, noko som er det beste i banken si historie. Den store auken i andre inntekter kjem frå realisasjon av banken sine aksjar i Nets Holding AS, og vinst ved realisasjon av obligasjonar i samband med overføring av banken sin likviditetsportefølje til Eika Kapitalforvaltning AS for aktiv forvaltning.

Banken syner ein auke i resultat før skatt på 14,2 mill. kr til 44,4 mill. kr, mot 30,2 mill. kr året før. Resultatet utgjer 1,18% av gjennomsnittleg rådveldekapital, mot 0,87% for 2013. Etter skattekostnad på 10,5 mill. kr er resultatet 33,9 mill. kr for 2014, mot 22,8 mill. kr. i 2013, som i % av gjennomsnittleg rådveldekapital utgjer 0,90%, mot 0,66% i 2013.

Styret i banken gjer framlegg om å utbetala kr 5,00 i utbytte pr. aksje for 2014, samanlikna med tilsvarande kr 2,65 i fjor.

Sjølv med sterk konkurranse om kundane, noko som set press på rentemarginen, opplever banken ei god utvikling i den ordinære bankdrifta. Vekselbanken har siste året opplevd ein stor vekst i innskott frå kundar. Veksten siste året har vore 495 mill. kr, eller 21,0%. Utlån på eiga bok syner ein auke i år på 185 mill. kr eller 6,0%. Tek me med veksten i utlån på 141 mill. kr formidla via Eika Boligkreditt AS er den samla veksten i utlån 325 mill. kr i 2014 eller 10,5%. Banken sin rådveldekapital har gjennom året vakse med 489 mill. kr eller 13,8%, og banken passerer ved årsskiftet 4 mrd. kr i rådveldekapital. Veksten skuldast gode og stabile tilhøve i nærmarknaden vår. Satsinga vår på å vera ein menneskeorientert bank med lite gebyr og høgt servicenivå, har resultert i god tilgang på nye kundar.

Gjennom vårt eigarskap i Eika-gruppen har me tilgang til alle produkt og tenester det er naturleg for oss som lokalbank å tilby. Me leverer gode totalprodukt innan betalingsformidling, forsikring, sparing og plassering, kredittkort samt leasing, noko kundane set pris på. Gjennom Eika-gruppen tek me også del i den vidare utviklinga og satsinga innan digitale kundeflater som NettBank og Mobilbank.

Me bokfører netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 2014 med 75,4 mill. kr, ein auke på om lag 1,5 mill. kr i forhold til 2013. Rentenettoen i 2014 er 2,01% av gjennomsnittleg rådveldekapital, som er ein reduksjon frå 2,13% i 2013.

På aksjar har banken i år samla inntektsført netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar med 6,7 mill. kr, mot kostnadsføring på 0,1 mill. kr i fjor. 5,5 mill. kr av denne inntektsføringa skriv seg frå realisert vinst ved sal av aksjar i Nets Holding AS. Tidligere års rekneskapsført oppskrivning på desse aksjane på 2,3 mill. er tilbakeført over eigenkapitalen saman med ny oppskrivning av anleggsaksjar på 1,8 mill. kr.

Banken overførte i 3. kvartal obligasjonsporteføljen til Eika Kapitalforvaltning AS for aktiv forvaltning hjå dei. I samband med denne overføringa vart store delar av obligasjonsporteføljen rebalansert med realisert vinst hittil i år på 4,6 mill. kr mot -0,4 mill. kr i fjor. Tidlegare rekneskapsført verdiauke på desse obligasjonane på 3,3 mill. kr er

tilbakeført. Vidare er det føreteke nedskrivningar på oljerelaterte obligasjonar med 8,7 mill. kr. Samla utgjer dette ein verdireduksjon på 12,0 mill. kr ført under eigenkapitalen.

Totale driftskostnader er redusert med 0,2 mill. kr frå 44,5 mill. kr i 2013 til 44,3 mill. kr i 2014. Framleis ligg det inne 4 mill. kr i ekstra avskrivingskostnader knytt til konverteringa til Eika sitt IT system. I prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital er driftskostnadane i 2014 1,18% mot 1,28% i 2013.

Banken bokfører i 2014 nedskrivningar på utlån og garantiar med 4,5 mill. kr, mot 3,2 mill. kr i 2013. Av kostnadsføringa skriv 1,0 mill. kr seg frå auke i nedskrivningar på grupper av utlån. Konstaterte tap i 2014, som tidlegare er nedskrive, utgjer 1,0 mill. kr, mot 2,1 mill. kr i 2013.

Summen av misleghaldne og netto tapsutsette engasjement i prosent av brutto utlån har vorte redusert frå 2,32% til 1,73%. Styret føler seg trygg på at nedskrivningane som er føreteke på utlån er tilstrekkelege, ut frå den risiko som ligg i engasjementa. Samla individuelle nedskrivningar på utlån utgjer 0,94% av brutto utlån, i tillegg utgjer gruppevise nedskrivningar 0,59%.

Resultatet for 2014 fører til at banken styrkjer eigenkapitalen med 33,9 mill. kr, og bokfører ein samla eigenkapital ved årsskiftet på 347,8 mill. kr. Eigenkapitaldekninga ved utgangen av året er 19,21%.

Ved børsstutt 31.12.14 var kursen på banken sine aksjar 119 kr. Korrigert for splitt av aksjen i forholdet 20:1 i mai i 2014 var børskursen ved inngangen til 2014 kr 102,50. Resultat i år utgjer kr 17,86 pr. aksje, medan matematisk verdi på aksjen er 183 kr.

Det er framleis stor aktivitet i Voss og omland. Dette gjev positive ringverknader for næringslivet i vårt marknadsområde. Hytte- og fritidsmarknaden er framleis i vekst, og me må vera stolte av at så mange utanbygds folk er interessert i å investera i fritidseigedom, som gjev godt med arbeid og høg aktivitet i bygda vår. Sjølv med veksande uro rundt reduserte oljeprisar og sterkt mediafokus på at eigedomsprisane skal falla held forbruk og investeringslyst seg framleis på eit høgt nivå i marknadsområdet vårt. Store offentlege byggeprosjekt er sett i gang med nye skulebygg både i kommunal og fylkeskommunal regi, noko som vil gje positive ringverknader framover.

Banken har saman med gode krefter frå næringslivet og offentleg sektor engasjert seg i kampen om å få fortgang i ny og framtidsretta jernbane og veg på strekninga Voss - Bergen. Med ein trygg og betydeleg raskare reisestrekning til Bergen, og med store område ferdig planlagd for bustad- og næringsareal vil Voss vera ein attraktiv plass for å kunna avlasta Bergensområdet med bustadbygging i rein og fri natur. Me vonar denne utviklinga kan koma raskt i gang ved at styresmaktene ser det som lønsamt og viktig med ein rask start av planarbeidet med KU5 Arna –Voss.

Gjennom eigarskapen i Eika-gruppen har banken tilgang til konkurransedyktig bustadfinansiering med både flytande og fast rente gjennom Eika Boligkreditt AS. Banken satsar på at større deler av utlånsveksten i framtida skal formidlast gjennom denne kanalen, slik at store delar av den framtidige veksten i marknaden vår kan gjerast utan å måtte hente inn meir dyr kapital frå eksterne kjelder.

DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2014

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt for året på 44,4 mill. kr, ein auke med 14,2 mill. kr i forhold til fjoråret. Resultatet tilsvarar 1,18% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 0,87% i fjor.

I 4. kvartal i år bokfører banken eit resultat før skatt på 7,2 mill. kr, ein reduksjon på 1,7 mill. kr i forhold til 4. kvartal i fjor. Resultatet er 0,74% av gjennomsnittleg rådveldekapital i kvartalet (GFK) mot 1,02% i fjor. Etter skatt er resultatet i kvartalet 5,3 mill. kr (0,55%) mot 7,2 mill. kr (0,83%) i fjor. Reduksjonen i resultatet i kvartalet kjem frå redusert rentemargin og auka kostnader.

RENTEMARGIN

I 4. kvartal bokfører banken netto renteinntekter på 17,5 mill. kr, ein reduksjon på 3,0 mill. kr i forhold til 4. kvartal i fjor. Årsaka til reduksjonen i rentemarginen er reduserte marginar på grunn av konkurransesituasjonen, og at banken har plassert 160 mill. kr i rentefond, der avkastning vert ført som aksjeutbytte. Rentemarginen i 4. kvartal er på 1,78% mot 2,34% for 4. kvartal i fjor. For året er rentemarginen på 2,01% mot 2,13% ved utgangen av fjoråret. Rentemarginen er om lag som budsjettert.

INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Banken sine papir investert på Oslo Børs har i 4. kvartal hatt ei litt betre utvikling enn tilsvarande periode i fjor.

På aksjar og rentefond inntektsfører banken netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar i 4. kvartal med netto 0,5 mill. kr mot kostnadsføring på 1,7 mill. kr i kvartalet i fjor. På obligasjonar har banken realisert tap i kvartalet med 0,1 mill. kr mot vinst på 0,2 mill. kr i 4. kvartal i fjor.

Banken har i 4. kvartal bokført nedskrivning på den oljerelaterte obligasjonsporteføljen med 6,4 mill. kr over eigenkapitalen. På anleggsaksjar er det i kvartalet føreteke oppskrivning med 1,8 mill. kr. over eigenkapitalen.

DRIFTSKOSTNADER

I 4. kvartal i år er driftskostnadane 12,2 mill. kr som er 1,7 mil. kr meir enn for 4. kvartal i fjor.

I % av GFK er driftskostnadane i kvartalet 1,25% i år mot 1,20% i fjor. Driftskostnadane for året er godt under budsjettet for 2014.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 4. kvartal har banken kostnadsført tapsavsetjingar med 0,6 mill. kr mot 0,7 mill. kr i fjor. Konstaterte tap i år utgjer 1,0 mill. kr.

Samla netto misleghaldne engasjement ved utgangen av året er på 14,9 mill. kr, ein reduksjon frå 17,9 mill. kr ved utgangen av fjoråret. I % av brutto utlån utgjer dette 0,46 % pr. 31.12.14, mot 0,59% pr. 31.12.13. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

RÅDVELDEKAPITAL

I 4. kvartal er rådveldekapitalen auka med 147 mill. kr, eller 3,78 %, til 4.029 mill. kr.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 489 mill. kr, eller 13,8%.

INNSKOT

Vekselbanken opplever for tida ein svært god auke i innskot. I 4. kvartal er innskota auka med 178 mill. kr eller 6,7%, mot ein auke i 4. kvartal i fjor på 64 mill. kr eller 2,8%. Siste 12 månadane har innskota auka med 495 mill. kr, eller 21,0%.

Pr. 31.12.14 har banken ei innskotsdekning på 87,5% av brutto utlån, mot 76,7% på same tid i fjor.

UTLÅN

Banken opplever framleis vekst i utlån og bokfører i 4. kvartal ein auke i brutto utlån på 4 mill. kr (0,1%), mot ein auke på 21 mill. kr (0,7%) i 4. kvartal i fjor. I kvartalet har banken i tillegg formidla lån via Eika Boligkreditt AS med 95 mill. kr, slik at samla utlånsvekst i kvartalet vert 99 mill. kr eller 3,1%.

Pr. 31.12.14 er brutto utlån til kundar 3.251 mill. kr, mot 3.066 mill. kr pr. 31.12.13. Dette utgjer ein auke dei siste 12 månadane på 185 mill. kr eller 6,0%. Når overførte nye utlån til Eika Boligkreditt AS vert teken med er samla utlånsvekst i år 325 mill. kr eller 10,5%.

Av samla utlån ved årsskiftet er 2.518 mill. kr (77,5%) til personkundar og 733 mill. kr (22,5%) til næringskundar.

LIKVIDITET

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.845 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 612 mill. kr eller 21,5%. Banken vil framover tilpassa likviditetsporteføljen til nye likviditetskrav frå styresmaktene. Ved kvartalsskiftet er banken sin LCR berekna etter nye forskrifter 136%.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel III reglane er 421,6 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 19,21%. Dette inkluderer årets resultat. Kjernekapitalen er 370,4 mill. kr, eller 16,87%. I høve til minimumskrava er overdekninga 246,0 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 335,4 mill. kr, eller 15,28%.

DEI 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Tabellen under syner ei oversikt over dei 20 største aksjonærane:

20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Namn	Andel	Beholdning
SPAREBANKEN VEST AKSJER, HANDEL II	10,00 %	189.980
VOSS SPAREBANK	10,00 %	189.980
SPAREBANKEN ØST	8,16 %	155.020
MP PENSJON PK	4,29 %	81.600
AUGUST RINGVOLD AGEN	1,96 %	37.150
NARHEIM INVEST AS	1,42 %	26.920

SKOGBORG AS	1,08 %	20.440
JOH. RASMUSSEN & RAC	1,05 %	20.000
FORLAGSHUSET VIGMOST	0,93 %	17.700
BJØRKE ARNSTEIN	0,89 %	16.980
NOTOV AS	0,87 %	16.590
NORDNET PENSJONSFORS	0,67 %	12.670
RIO INGUNN	0,66 %	12.580
RINGHEIM BJØRN	0,59 %	11.145
KLØVE-GRAUE ASTRID	0,58 %	11.040
LANGMYHR TRYGVE	0,58 %	11.038
SLÅPEKROKEN AS	0,53 %	10.040
ØVSTHUS GRO NESHEIM	0,46 %	8.660
KVAREKVAL LARS	0,44 %	8.360
KNAPSTAD BJØRG	0,43 %	8.260
Sum for dei 20 største eigarane	45,59 %	866.153
Øvrige eigarar	54,41 %	1.033.847
Totalt utstedte aksjar	100,00 %	1.900.000

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 4. kvartal: kr 183,10
 Børskurs ved utgangen av 4. kvartal var : kr 119,00

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

UTSIKTENE FOR 2015

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Fleire bankar har nyleg korrigert rentene, noko Vekselbanken også har gjort, utan at dette vil få vesentlege verknader for resultatet i 2015. Etter banken sin overgang som fullverdig medlem i Eika Gruppen, forventar ein lågare relative innkjøpskostnader på både drift og finansiering. Dette vil styrkja banken framover.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for perioden 1. januar til 31. desember 2014 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvise bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvise oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærstående vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	4. kv. 2014	4. kv. 2013	31.12.14	31.12.13	31.12.12
Renteinntekter og liknande inntekter	37.769	39.687	156.305	150.798	146.785
Rentekostnader og liknande kostnader	20.318	19.132	80.882	76.853	76.523
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	17.451	20.555	75.423	73.945	70.262
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	391	0	2.063	1.108	2.538
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.826	1.680	6.897	5.511	4.781
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-889	-819	-3.630	-3.232	-2.351
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	1.250	-1.242	12.374	482	1.223
Andre driftsinntekter	78	78	97	105	819
Sum andre inntekter	2.656	-303	17.801	3.974	7.010
Sum netto inntekter	20.107	20.252	93.224	77.919	77.272
Personalkostnader	6.266	5.401	19.756	20.354	20.272
Administrasjonskostnader	2.902	2.448	13.112	13.344	14.876
Ordinære avskrivningar	1.744	1.702	6.927	6.599	6.232
Andre driftskostnader	1.310	980	4.514	4.197	4.981
Sum kostnader	12.222	10.531	44.309	44.494	46.361
Resultat før tap	7.885	9.721	48.915	33.425	30.911
Tap på utlån, garantiar m.v.	649	773	4.508	3.222	3.062
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0	0	0
Netto tap og avskrivningar	649	773	4.508	3.222	3.062
Resultat før skatt	7.236	8.948	44.407	30.203	27.849
Skatt på ordinært resultat	1.951	1.712	10.482	7.411	6.992
Resultat for rekneskapsåret	5.285	7.236	33.925	22.792	20.857
Andre inntekter og kostnader					
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	-4.584	497	-12.489	2.159	-2.173
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	1.739	-68	3.271	-534	141
Sum andre postar	-2.845	429	-9.218	1.625	-2.032
Totalresultat	2.440	7.665	24.707	24.417	18.825
Resultat pr. aksje (tal for 2013 er omrekna etter splitt)	2,78	3,81	17,86	12,00	10,98
Utvatna resultat pr. aksje (tal for 2013 er omrekna etter splitt)	2,78	3,81	17,86	12,00	10,98

BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

EIGNELUTAR

Kontantar og fordringar på sentralbankar	71.388	102.942	72.360
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	222.017	31.352	118.981
Netto utlån og fordringar på kundar	3.201.814	3.020.152	2.804.073
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	275.298	270.437	253.668
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	202.035	51.237	60.149
Immaterielle eignelutar	11.998	15.997	20.000
Finansielle derivat	687	514	406
Varige driftsmidler	35.703	37.865	37.770
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	8.210	10.109	9.671

SUM EIGNELUTAR

4.029.150 3.540.605 3.377.078

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.845.313	2.350.749	2.232.207
Obligasjons- og sertifikatgjeld	713.258	741.525	711.577
Finansielle derivat	674	674	643
Utsett skatt	373	2.531	2.270
Anna gjeld	23.848	15.791	20.016
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	9.797	9.552	11.004
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	3.009	6.638	6.311
Ansvarleg lånekapital	85.000	85.000	85.000
Sum gjeld	3.681.272	3.212.460	3.069.028

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (1.900.000 aksjar á kr. 5,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning egne aksjar	-11	-19	-16

Sum innskoten eigenkapital

9.489 9.481 9.484

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	338.389	318.664	298.566
--------------------	---------	---------	---------

Sum opptent eigenkapital

338.389 318.664 298.566

Sum eigenkapital

347.878 328.145 308.050

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

4.029.150 3.540.605 3.377.078

Garantiansvar	122.846	75.746	51.276
Pantsetjingar	102.778	70.310	61.153
Eigenkapitaldekning	19,21 %	18,99 %	19,19 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	3.756.148	3.467.884	3.296.371

Voss, 27. januar 2015

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA




Jorunn Lødemel
Styreformann




Åse-Karin Tennebekk



Dagfinn Gjøstein



Stein Kvarekvål



Johanna Sølvberg



Einar Larsen
banksjef

TAP PÅ UTLÅN

Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar
 Endring i gruppevise nedskrivningar
 Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for
 Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for
 Inngang på tidlegare avskrivne tap

Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

	31.12.14	31.12.13	31.12.12
	31.12.14	31.12.13	31.12.12
Endring i individuelle tapsnedskrivningar	2.514	534	1.790
Endring i gruppevise nedskrivningar	1.000	500	820
Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for	1.025	2.078	480
Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for	4	196	41
Inngang på tidlegare avskrivne tap	-35	-86	-69
Sum tap i perioden	4.508	3.222	3.062

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån (over 90 dagar)
 Individuelle tapsnedskrivningar

Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement
 Individuelle tapsnedskrivningar

Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

Netto tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån (over 90 dagar)	19.856	20.434	24.506
Individuelle tapsnedskrivningar	4.925	2.503	5.455
Netto misleghaldne lån	14.931	17.931	19.051
Andre tapsmerka engasjement	67.197	79.117	75.905
Individuelle tapsnedskrivningar	25.778	25.687	22.201
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån	41.419	53.430	53.704
Netto tapsutsette engasjement	56.350	71.361	72.755

SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån
 Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar
 Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar
 Netto utlån til kundar

Brutto utlån	3.251.593	3.066.418	2.849.305
Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar	-30.703	-28.190	-27.656
Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar	-19.076	-18.076	-17.576
Netto utlån til kundar	3.201.814	3.020.152	2.804.073

KAPITALDEKNING

	31.12.14		31.12.13		31.12.12	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	9.623	770	0	0	0	0
Institusjonar	60.493	4.839	32.014	2.561	68.004	5.440
Føretak	274.467	21.957	405.540	32.443	325.886	26.071
Massemarknad	3.430	274	0	0	0	0
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.317.951	105.436	1.228.888	98.311	1.136.304	90.904
Forfalne engasjement	19.447	1.556	20.710	1.657	18.292	1.463
Obligasjonar med fortrinnsrett	10.307	825	5.522	442	5.532	443
Andelar i verdipapirfond	141.262	11.301	3.915	313	6.070	486
Eigenkapitalposisjonar	33.930	2.714				
Andre engasjement	188.889	15.111	183.841	14.707	189.723	15.178
Sum kredittrisiko	2.078.875	164.784	1.880.430	150.434	1.749.811	139.985
Operasjonell risiko	135.581	10.846	135.137	10.811	133.037	10.643
Frådrag for gruppevise nedskrivningar	-19.076	-1.526	-18.076	-1.446	-17.576	-1.406
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	0	0	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag	2.195.380	174.105	1.997.491	159.799	1.865.272	149.222
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-11		-19		-15	
Sum opptent eigenkapital	338.389		291.533		274.245	
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	-11.998		-15.997		-20.000	
Frådrag	-477		0		0	
Rein kjernekapital	335.403	15,28	285.017	14,27	263.730	14,14
Fondsobligasjonar	35.000		35.000		35.000	
Frådrag	0		0		0	
Kjernekapital	370.403	16,87	320.017	16,02	298.730	16,02
Fond for urealiserte verdiendringar	1.240		9.308		9.195	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	50.000		50.000		50.000	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
Sum tilleggs kapital	51.240	2,33	59.308	2,97	59.195	3,17
Netto ansvarleg kapital	421.643	19,21	379.325	18,99	357.925	19,19

ENDRING I EIGENKAPITALEN

	31.12.14	31.12.13	31.12.12
Eigenkapital ved inngangen til året	328.145	308.050	293.047
Utbetalt utbytte førre år	-5.035	-4.275	-3.800
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	-9.218	1.625	-2.032
Kjøp / sal egne aksjar	61	-47	-22
Resultat i perioden	33.925	22.792	20.857
Eigenkapital ved periodeslutt	347.878	328.145	308.050

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	Alle tal i NOK 1 000		
	2014	2013	2012
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	157 861	158 796	157 681
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-84 697	-80 436	-78 083
Andre innbetalningar	5 268	2 504	4 439
Driftsutbetalningar	-34 760	-36 596	-43 581
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	35	86	69
Utbetalt utbytte	-5 035	-4 275	-3 800
Betalte skattar	-7 719	-7 705	-6 964
Tilført frå verksemda	30 953	32 374	29 761
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-186 203	-217 024	-198 252
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	494 564	112 346	128 854
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	0	1	0
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	-28 266	29 947	45 386
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	132	-59	-29
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	-159 271	-8 578	26 288
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	6 517	-4 250	4 704
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	213	-83	0
Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd	127 686	-87 701	6 951
Investert i varige driftsmidlar	-2 090	-4 581	-2 581
Investert i immatrielle eignelutar	0	0	-23 715
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	3	301	0
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	2 559	2 560	-9 961
Netto kontantstraum frå investeringar	472	-1 720	-36 257
Netto endring likvidar	159 111	-57 047	455
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	134 294	191 341	190 886
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt	293 405	134 294	191 341
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	71 388	102 942	72 360
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	222 017	31 352	118 981
Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt	293 405	134 294	191 341